



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimelessig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

Kommunepsykolog - 100% fast stilling

Stillingsinformasjon

Kommunen søker etter en kommunepsykolog i 100% nyoppretta stilling. Stillinga er ledig frå 01.11.2017.

Hovudmålet med stillinga er styrke kvalitet og kompetanse i kommunen sitt heilhetlige og tverrfaglege arbeid innan psykisk helsearbeid og rusvern.

Stillinga er ein del av den nasjonale satsinga på psykologtenester i kommunane.

Viktigaste målgruppe er menneske med risiko for å utvikle, eller har utvikla problem knytt til psykisk helse, rusmiddelbruk og/eller vold og traumar.

Barn og unge vil ha særskild prioritet. Tenesta skal vere eit lavterskeltilbod.

Arbeidsplass

Kommunepsykologen er formelt organisert i kommunen si avdeling for psykisk helse og rus, som til dagleg leiast av ein fagleiar. Arbeidet vil likevel vere tverrfagleg og tverrsektorielt. Arbeid knytt til barn og unge vil stå sentralt, med m.a. faste dagar ved helsestasjon og i skulehelsetenesta. Helseavdelinga er i hovudsak lokalisert på kommunehuset, med helsesjef/kommuneoverlege som einingsleiar. Det er vedteke kommunesamanslåing med Radøy og Lindås kommunar frå 2020. I den samanheng må det påreknast endring i organiseringa av helsetenestene.

Arbeidsoppgåver

Arbeidet vil rette seg mot individ, familiar, pårørande, grupper og i nokre høve heile befolkninga. Vidare skal psykologen bidra med rettleing inn mot kommunen sine verksemder, team og helsepersonell.

Den som vert tilsett vil vere med på å forme stillinga sitt innhald, og vere sentral i vidare oppbygging av det kommunale tenestetilbodet innan psykisk helsearbeid. Psykologen skal ta del i nettverket for psykologar i regi av Fylkesmannen og Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helsearbeid (NAPHA).

Kvalifikasjonskrav

Det søkast etter ein humørfyllt psykolog med erfaring frå klinisk arbeid, gjerne også frå systemarbeid. Spesialitet er ein fordel, men andre med relevant kompetanse og erfaring vil bli vurdert. Den som vert tilsett må ha stort engasjement for barn og unge sin psykiske helse, vere fleksibel i høve til arbeidstid og arbeidsstad, samt ha gode evnar til tverrfagleg samarbeid. Den som vert tilsett må være strukturert, ha evne til sjølvstendig arbeid og ha stor arbeidskapasitet. Den som vert tilsett må derfor saman med nære medarbeidarar ha evne til rett prioritering av faglege arbeidsoppgåver.

Den som vert tilsett bør ha førarkort klasse B, og kunne disponere eigen bil ved høve. Det er krav om norsk autorisasjon. Vidare er det er krav om gode norskkunnskarar, både munnleg og skriftleg. Personlege eigenskapar og samarbeidsevner vert tillagt avgjerande vekt.

Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknad vert å sende

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 14.09.2017

Utløst dato 29.08.2017

Vårref

708/17

Kontaktperson

Petter Lingjerde, Leiar i psykisk helseteneste, petter.lingjerde@meland.kommune.no

Tord Moltumyr, Helsesjef, tord.moltumyr@meland.kommune.no